
Saksnr: 2020/72387-5
Saksbehandlar: Endre Høgalmen
Dato: 25.02.2021

Til: Hovudutval for næring

Frå: Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling

Nærings- og utviklingsfond for utsette kommunar - presisering

Vi syner til retningslinjer for tilskotsordninga som vart vedteken i hovudutvalet 17.februar i sak 18/21.

I punkt 1 i retningslinjene opna hovudutvalet for at også bedrifter/verksemder kan søke om midlar frå fondet:

- Målgruppe og føremål med ordninga*
Målgruppe for fondet/tilskotsordninga er kommunar eller deler av kommunar i Vestland med utfordringar som har eller kan føre til store negative og langvarige konsekvensar for næringsliv, busetjing og sysselsetjing. Fondet skal hjelpe kommunane og områda med å finansiere tiltak som skal legge til rette for omstilling og utvikling. Føremålet er å styrke næringsgrunnlaget og å bidra til å etablere nye arbeidsplassar i kommunar som opplever vesentleg reduksjon i sysselsetjinga. Regionråd, kommunar, verksemder og andre kan søke om midlar til tiltak saman med andre i målgruppa, åleine eller i samarbeid med fylkeskommunen. Næringssselskap som arbeider på oppdrag for ein eller fleire kommunar kan søke på vegne av aktørar i målgruppa.

Ei bokstavleg tolkning av ovannemnde inneber at vanlege bedrifter/verksemder kan søkje om midlar til sine tiltak. Vi er litt i stuss om dette var meininga frå hovudutvalet si side. Grunnen til dette er følgjande

- Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge som operatør for den bedriftsretta innsatsen
 - o Der Innovasjon Norge yter støtte til bedrifter
 - o Syner i den samanhengen til eiga sak om oppdragsbrev til Innovasjon Norge i hovudutvalet sitt møte 17.februar.
- Innovasjon Norge er godkjent og rigga for å gje direkte bedriftsretta støtte, ikkje minst med tanke på ordningar kring statsstøtteregelverket/offentleg støtte.
- Fylkeskommunen har utfordringar kring det som gjeld å gjere kompliserte statsstøttevurderingar når vi eventuelt skal gje bedriftsretta støtte til verksemder.

Så ut frå dette tolkar vi hovudutvalet dit at ein ikkje opnar for søknad om vanleg bedriftsretta støtte frå enkeltverksemder som held til i utsette kommunar. Men at hovudutvalet tenkjer at det kan opnast for å støtte verksemder med fondsmidlar i den grad det vert søkt om fellestiltak for fleire verksemder eller andre former for fellestiltak - så lenge dette støttar opp under intensjonen bak denne støtteordninga. Denne tolkinga støttar opp under rolledelinga som blir praktisert: fylkeskommunen støttar opp om tilretteleggande tiltak, og Innovasjon Norge er vår operatør for bedriftsretta verkemiddel.

I tillegg til dei ordinære bedriftsretta ordningane i regi av Innovasjon Norge har Stortinget vedteke svært store beløp til bedriftsretta korona-midlar, mellom 5. og 7. milliardar kroner i 2020. Siste

titalkspakke vedteken av stortinget vart offentleggjort 25/2-2021: Kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemder. Her vert kommunane i landet tildelt midlar slik at dei kan kompensere lokale verksemder som er ramma av nasjonale smitteverntiltak. Kommunane i Vestland får 136,6 mill kr. Vi prøver å legge opp til støtte frå fylkeskommunen si side som ikkje vert fanga fullgodt opp av andre ordningar, slik at vi kan supplere dei tunge statlege tiltakspakkane.

Med bakgrunn i denne forståinga av vedtaket arbeider administrasjonen med å forme ei utlysning av midlar frå nærings- og utviklingsfond/støtteordning for utsette kommunar, og legg opp til ein søknadsfrist i april/mai.